SAMNANGER KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: **Naturutvalet**
Møtedato: **28.08.2013**
Møtetid: **15:00 -**
Møtestad: **Kommunehuset**

Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling

Forfall til møtet eller ugildskap må meldast snarast råd til ekspedisjonen (tlf. 56 58 74 00 eller e-post postmottak@samnanger.kommune.no), som vil kalla inn varamedlem.

leiar av utval

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	**Arkivsak**	**Sakstittel**	**Merknad**
039/13	13/472	Faste saker	
040/13	09/640	Dispensasjon til sidetak av stein i samband med bygginga av tunell bak Tysse	

Oversikt faste saker
• Godkjenning av innkalling og sakliste • Godkjenning av protokoll frå førre møte • Delegerte vedtak/referatsaker • Utvalet sitt kvarter

SAMNANGER KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

Arkivsaksnr: 13/472	**Løpenr**: 13/4377
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	**Møtedato**	**Saksnr.**	**Saksbeh.**
Naturutvalet	28.08.2013	039/13	MS

FASTE SAKER

Oversikt faste saker:
• Godkjenning av innkalling og sakliste • Godkjenning av protokoll frå førre møte • Delegerte vedtak/referatsaker • Utvalet sitt kvarter

Oversikt delegerte vedtak/referatsaker som er meldt opp til møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

SAMNANGER KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Ragnhild Lønningdal	**Arkivkode**: FA-Q10
Arkivsaksnr: 09/640	**Løpenr**: 13/4277
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	**Møtedato**	**Saksnr.**	**Saksbeh.**
Naturutvalet	28.08.2013	040/13	RLØ

DISPENSASJON TIL SIDETAK AV STEIN I SAMBAND MED BYGGINGA AV TUNELL BAK TYSSE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå kommunedelplan for kystsona til eit sidetak av stein langs fv. 48, slik Statens vegvesen har søkt om. Arealet er 7,6 daa og er lokalisert rett sør for vegen ved Ospevika.

Dokument som er vedlagt:
Dispensasjonssøknad frå Statens vegvesen.pdf
Kartvedlegg til søknaden frå Statens vegvesen.pdf
Bilete av området.pdf
Oversiktskart Ospevika midt i biletet.pdf
Ortofoto Ospevika.pdf
Kystsoneplan Ospevika.pdf
Reguleringsplankart Ospevika.pdf

Kva saka gjeld:

Saka gjeld dispensasjon frå LNF-område i kommunedelplan for kystsona. Tiltaket ligg ikkje innanfor den funksjonelle strandsona (raud strek på vedlagt kystsoneplankart).

Statens vegvesen byggjer tunell bak Tysse, samt utbetrar ein lengre strekning av fv 48 i tilknyting til tunellen. Det ligg ein reguleringsplan til grunn for arbeidet. Denne vart fyrst vedteken i 2001, med ei mindre reguleringsendring i 2012. Det viser seg no at dei har grovt feilberekna mengda lausmassar i eit område dei trudde var mest fjell. Dette har ført til eit underskot av stein til bygging av veglekamen. Dei har sett på fleire ulike moglegheiter for å ta ut meir stein i prosjektet (desse er skildra i søknaden), og har falle ned på at eit sidetak langs vegen vestover mot Gaupholm er den beste løysinga. Det omsøkte arealet er 7600 m2, men det er ikkje sikkert at dei kjem til å nytta absolutt heile arealet.

Arealet vil bli planert ut på same nivå som den utbetra vegen, med ein to meter høg jordvoll inn mot vegen. Det vil bli etablert ei avkøyrsle inn til området, slik at det kan nyttast av grunneigarane (eigedomen er i sameige) som velteplass for tømmer, samt ei oppkøyring til terrenget ovanfor for uttak av dette tømmeret. Det vil lengst aust på området bli lagt til rette for parkering for besøkjande til badevika Ospevika, noko den manglar i dag.

Langs den eksisterande vegen er det i dag fleire høge skjeringar, søknaden som no ligg føre vil også føra med seg høge skjeringar.

Det er ingen bygningar i området, ingen registrerte kulturminne og ingen registrerte naturverdiar. Arealet er ulendt, bratt og har furu-/blandingsskog. Det går to bekkar i røyr under den eksisterande vegen.

Fylkesmannen har fått saka til uttale. Dei har gitt tilbakemelding om at deira uttale vert oversendt kommunen før møtet.

Vurderingar og konsekvensar:
Plan- og bygningslova § 19-2, 2. ledd seier at dispensasjon ikkje kan gjevast dersom omsyna bak føresegna det vert dispensert frå vert vesentleg sett til side. Me vurderer det slik at omsyna til LNF-føremålet ikkje vert vesentleg sett til side i denne saka. Vidare må fordelane ved å gje dispensasjon vera klårt større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Ulempene med å gje dispensasjon knyter seg til at arealet er stort, 7,6 dekar er større enn noko ein vanlegvis ville ha vurdert å handsama som dispensasjon. I denne saka meiner me likevel at det kan aksepterast fordi det ligg i tilknyting til eit godkjent veganlegg, og administrasjonen si vurdering er at vegbygginga i tråd med reguleringsplanen fører med seg til dels store landskapsinngrep, spesielt med tanke på det store riggområdet og framtidige vegfyllingane rett sør og aust for Ospevika. Det no omsøkte tiltaket føyer seg inn langs veganlegget på ein grei måte. Landskapsbiletet med høge skjeringar blir om lag det same som i dag. Tunellen og vegutbetringa har stor samfunnsnytte, og det er viktig for gjennomføringa av prosjektet at dei får tak i steinmassane. Ein positiv bieffekt er at grunneigarane får tilgang til skogen ovanfor vegen og at det blir etablert parkeringsplassar for Ospevika.

Me vurderer saka slik at fordelane er klårt større enn ulempene, og at det såleis kan gjevast dispensasjon.

Statens vegvesen

SAMNANGER KOMMUNE
SENTRALADMINISTRASJONEN
SAK.NR.....J.NR.....
08 JUL 2013
EMNEKODE:.....
OBJEKTKODE:.....
SAKSH:.....GRADERING.....

Samnanger kommune
Tyssevegen 217
5650 TYSSE

Behandlende enhet:	Saksbehandler/innvalgsnr:	Vår referanse:	Deres referanse:	Vår dato:
Region vest	Svein Rosseland - 90690033	2011/032173-094		05.07.2013

Disposisjonssøknad - Sidetak av stein
Fv. 48 Tunnel bak Tysse

Vi viser til møte 4. juli 2013 med dykkar ordførar, teknisk sjef og planleggjar i samband med steinunderskot på prosjektet.

Det viser seg at på austsida av tunnelen, mellom austre påhogg og krysset mellom fv. 48 og fv. 7 er det mykje meir lausmassar enn forventa i prosjektet. Dette er massar som ikkje kan nyttast til vegbygging. Dei auka mengdene av lausmassar medfører at mengde fjell vert tilsvarande redusert. Vi må difor tilføra desse steinmassane til prosjektet dersom prosjektet skal gjennomførast som planlagt.

Vi har vurdert fleire alternativ for å løysa dette: Kjøpa stein frå steinbrudd i Fusa, utvida profilet i tunnelen, laga sidetak i tunnelen eller laga sidetak på anlegget i dagen. Vi har også vore i kontakt med BKK vedrørande om mogleg få tilført stein frå deira anlegg i området. BKK vil ikkje koma i gong med sitt anlegg (Aldalen eller Frøland) tidsnok til at vi kan nytta oss av dette.

Det er eit sidetak på vestsida av tunnelen som vil vera den beste og den billegaste løysinga for å framskaffa meir stein til prosjektet. Det er på austsida vi treng stein, men det vert løyst ved at tunnelen på austsida vert drive lengre enn opprinneleg planlagt.

Teikning av sidetak det vert søkt om, er vist på vedlegg 1 og 2. Avkøyring er plassert i profil 1440. Området vert sprengt ned til nivå med eksisterande veg og grovplanert. Det vert etablert ein permanent jordvoll med ca 2 m høgde på sidetaket langs hovedvegen.

Vi har tidlegare (30.04.2013) vore i møte med ordføraren og grunneigarar i samband med friområdet (badestrand) i Ospevika. Det framkom på dette møtet at det er eit ønksje frå kommunen si side å etablerea parkerigsplassar i området. Dette er ikkje med i gjeldande reguleringsplan. Desse parkeringsplassane kan etablerast på området til sidetaket. Det vil vere mest hesiktsmessig å opparbeida desse plassane lengst øst på dette området.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Gunneigarane i området har også ønskje om å etablera ei avkøyring på denne sida av hovedvegen. Dette for å kunne ta ut tømmer i området på oppsida av hovedvegen. Det vert etablert ei oppkøyring til dette terrenget innanfor sidetaket. Området for sidetaket kan nyttast som velteplass for tømmer og ved.

Vi har vore i kontakt med dei aktuelle grunneigarane om dette sidetaket. Dei er positive til dette. Det vert ingen endringar på egendomstilhøve i området.

Vi søkjer med dette om sidetak av stein som omtalt i denne søknad og håper på eit positivt og snarleg svar fra kommunen. Det er viktig å kome raskt i gong med uttak av stein slik at dette ikkje forseinkar prosjektet.

Vedlegg1: Oversiktsteikning
Vedlegg 2: Detaljteikning

Fylkesavdeling Hordaland

Med helsing

Svein Rosseland
prosjektleiar

Kjell Hagesæter
byggjeleiar


Vedlegg 1
Opsevika
Sjå teikning C003
PROFIL NR.
HOR.KURV.
BREDDEUTV.
TVERRFALL
H.kj.b.k.
V.kj.b.k.
PROFIL H.
TERRENG H.
OVERBYGN.T.
Kjøreveg
Gangveg
Delere/rabatter
Skråningsutslag
Tunnel - Veg
Riggområde/ Massedeponi
Eiendomsgrenser
Fv 48 Hp 19
Parsell: Gaupholm - Straumsbrua, Tunnel bak Tysse
Plan og profil : 500 - 1250
Statens vegvesen, Region vest
C002
B


6697000
6696900
318800
318900
319000
Avkjørsel
Skogsveg
Areal sidetak 7610 m2
Statens Vegvesen Region Vest
Dato 05.07.2013
Kontr./Avgjort
Godkjent
Målestokk 1:1000
Vedlegg 2
Erstatning for:
Fv 48

Vedlegg 2

Bilete teke mot vest ved ønska avkøyrsle

Bilete teke om lag ved midten av området, mot vest.

Riggområde og framtidig vegfylling.



Grensene i kartet
er ikkje rettsgyldige.
22.08.2013

Målestokk 1:20000

Samnanger kommune

Grensene i kartet
er ikkje rettsgyldige.
22.08.2013

Målestokk 1:1000

Samnanger kommune

N

Grensene i kartet
er ikkje rettsgyldige.
22.08.2013

Målestokk 1:1000

Samnanger kommune



PROFIL NR.	1250	1300	1350	1400	1450	1500	1550	1600	1650	1700	1750	1800	1850	1900	1950	2000
HOR.KURV.	A=120	R=230 A=120	A=125		R=-230	A=120	A=120	R=230 A=125			R=∞			A=378		
BREDDEUTV.	0,35m 0,35m				0,35m 0,35m			0,35m 0,35m				0,00m 0,00m				
TVERRFALL																
H.kj.b.k.	8,0%	8,0%	8,0%	8,0%	8,0%	8,0%	8,0%	8,0%	3,0%	3,0%	3,0%	3,0%	3,0%	3,0%	3,0%	3,7%
V.kj.b.k.																
PROFIL H.	35,5	35,75	35,99	36,22	36,46	36,70	36,93	37,17	37,41	37,64	37,88	38,12	38,36	38,59	38,83	39,07
TERRENG H.	35,65	35,66	35,65	35,92	36,05	36,28	36,53	36,67	37,12	37,33	37,57	37,86	37,99	38,12	38,32	38,38
OVERBYGN.T.	←									50 CM						→



Teiknforklaring

Prosjektert

- Byggjegrenser
- Rekkverk
- Mur
- Frisiktområde
- Gjerde
- Henvisning til merknad
- 10100 Henvisning til vegmodell

- Kjøreveg
- Gangveg
- Delere/rabatter
- Skråningsutslag
- Tunnel - Veg
- Riggområde/ Massedeponi

Eksisterende

- Eiendomsgrenser

Revisjon	Revisjonen gjelder	Utarb	Kontr	Godkjent	Rev. dato

Statens vegvesen

Tegningsdato	15.03.2012
Bestiller	einarb
Produsert for	Region vest
Produsert av	Statens vegvesen, Region vest
Prosjektnummer	303319
PROF-nummer	12F0048B_002
Arkivreferanse	2011032173
Målestokk A1	1:1000
Tegningsnummer / revisjonsbokstav	C003

Fv 48 Hp 19
Parsell: Gaupholm - Straumsbrua, Tunnel bak Tysse
Plan og profil : 1250 - 2000
Konkurransegrunnlag

Utarbeidet av	Kontrollert av	Godkjent av	Konsulentarkiv
asbjho	asbjho	einarb	